

Årsrapport for Strandebarm sokneråd for året 2023

Medlemmer i soknerådet fram til 31.oktober 2023:

Kåre Milje (leiar), Olav Tombre (nestleiar, skrivar), Åse Sandnes Fosse, Anne Marie Bogetveit Berge, Bodil Stranden, Arne Gjerstad, Torunn Baldersheim, Anne-Kristin Torsnes Fosse og sokneprest Roar Strømme. Frå oktober 2022 sokneprest Vetle Karlsen Eide.

Varamedlemmer: Inger Ljones Måkestad, Lillian Hjartåker Fosse, Lina Chandrika Berge, Siv Ljones, Alvhild Tveitnes

Representantar i Kvam Kyrkjelege fellestråd:

Olav Tombre (vararepr Torunn Baldersheim) og Kåre Milje (vararepr Anne Marie Bogevik Berge)

Soknemøtet i Strandebarm 22. januar 2023 vedtok å søkja Bjørgvin bispedøme om å redusera talet på soknerådsmedlemmer i Strandebarm frå 8 medlemmer og 5 vara, til 4 medlemmer og tre vara. Viser til vedtak i Strandebarm sokneråd av 17. november 2022.

Medlemmer i nytt sokneråd frå 1. november 2023:

Margun Mikkelsen Tordal (leiar), Tor Håkon Berge (nestleiar), Jorunn B. Lillefosse (skrivar), Renate Bakkely Nernes.

Varamedlemer: Kjell Johannes Hoff, Helena de Groen, Lillian Hjartåker Fosse.

Representantar i Kvam kyrkjelege fellestråd frå 1.11.2023:

-Margun Mikkelsen Tordal med vararepr Jorunn Brurok Lillefosse.

-Tor Håkon Berge med vararepr Renate Bakkely Nernes

Årsmøtet 2023 vart halde etter gudstenesta 19. mars 23.

Det gamle rådet hadde 8 møte og 46 saker fram til 1.11. Det nye rådet har hatt 2 møte og 17 saker fram til årsskiftet.

Til saman 10 rådsmøte og 63 handsama saker i 2023.

Torleiv Ljones har på frivillig basis vore kasserar og ført rekneskapen for soknerådet i 2023.

Litt frå årsstatistikken (2022 i parentes)

Gudstenester: 24 (26) På Strandebarm omsorg: 0 (0) gudstenester og 16 (15) andaktar.

Døypte: 13 (13) Konfirmerte: 17 (11) Vigsla: 7 (8) Gravlagde: 22 (17)

Samla offer var kr. 60 671 (kr. 51 574).

Arbeidet i kyrkjelyden

Gudstenestene

Vanlegvis har det vore gudstenester annankvar sundag med fellesgudstenester for alle sokna i sommarmånadane. Til saman har 1 785 (1723) delteke.

Pilegrimsvandring til Holsete vart skipa til 29. mai. 23 personar deltok.

Friluftsgudsteneste på Åse var skipa til 9. juli med 30 personar til stades.

Dåpssamtalar

Dei aller fleste borna i bygdene våre vert døypte i kyrkja, og presten har alltid samtale med foreldre på førehand.

Tiltak for born og ungdommar (trusopplæring)

Babysong: Dette er for dei aller minste. Også i år var det eit fellesopplegg i Norheimsund kyrkje for alle sokna. Alle i målgruppa i Kvam får tilbodet.

Krybbevandring i 2023: Trusopplærarane Bryna Opdal og Mampion Andriamandimby hadde 2 besøk i Strandebarm barnehage og hadde krybbevandring på dei to avdelingane der.

4-årsbok: Det var ei førsamling i kyrkja 26. september med sju born pluss foreldre. Boka vart utdelt på gudstenesta 1. oktober. Det er få 4-åringar i bygdene våre, men alle inviterte (7 born) var med.

Det er oppmuntrande at 4-åringane og 1. klassingane er medlemmer i kyrkja, og at mange møter opp på tilstellingane.

Skulestartbok; Det har vore 2 samlingar for dei som skal byrja på skulen. Ei samling onsdag ettermiddag i kyrkja og deretter utdeling av skulestartbok på gudstenesta 19. juni. Alle i denne aldersgruppa var inviterte (10 born) og alle møtte opp.

Konfirmantopplæring: 17 konfirmantar

Det var konfirmantsamlingar i kyrkjelydshuset omtrent annakvar veke. Sokneprest Vetle Karlsen Eide hadde opplegget.

Konfirmantane var med på fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp) og foreldre/føresette var med å køyrde.

Konfirmantjubileet

Tradisjonen tru skipa Strandebarm sokneråd til fest for gamle konfirmantar etter gudstenesta søndag 3. september i årsklassane 50- 60 og 70-årsjubilantar. Ekstra kjekt at prost Arild Hellesøy heldt gudstenesta denne sundagen, og hadde høve til å delta på samkoma. Til saman 20 ”gamle” jubilantar møtte opp til samkoma.

Diakoniarbeid

Kyrkjekaffi, temakvelder, m.m., er viktige møteplassar for samkjensle og fellesskap. Soknepresten og organistane har halde fram med andaktar på Strandebarm omsorg, som ein samarbeider godt med.

Strandebarm sokneråd har sidan mai- 23, i samarbeid med Lions Club Strandebarm og KIA, engasjert seg i arbeidet for flyktningar frå Ukraina. Kvar tysdag har det i Kyrkjelydshuset vore «Ope hus» der strandbermingar og ukrainske flyktningar har vore inviterte til kaffi med noko attåt, og sosialt samvær med praktisering av norsk språk. Det har også vore lagt opp til turar og aktivitetar desse dagane. Frammøtet har vore varierende, frå 4-5 personar, til juleavslutninga med 31 frammøtte, av desse 10 ukrainske. Det vart då servert risengrynsgraut, ungarsk suppe og ukrainsk kake

Andre arrangement dette året.

Fasteaksjonen 28. mars.14 konfirmantar deltok.

Konfirmasjonsfest for årets konfirmantar vart skipa etter samtalegudstenesta 27. april.

Soknerådet i Ytre Arna vitja kyrkjelyden vår ved gudstenesta 18. juni. Etter gudstenesta orienterte Leidolv Berge om kyrkja og hennar historie.

Den 17. september vart det skipa til dialektgudsteneste i samband med dialektfestivalen i bygda. Prest Roar Strømme heldt preike med grunnlag i dialekt i kyrkja si historie.

Konsertar i kyrkja

Den 17. desember hadde Strandebarm Songlag julekonsert i kyrkja i samarbeid med Trengereidkoret, Hallgeir Aase, Arngunn T. Bell og to jenter frå kulturskulen som spelte fele. 94 personar kjøpte billett.

I tillegg var det julekonsert i kyrkjelydshuset den 27. desember med Dina Malena, Carl Æneas og Vilhelm Gravdal, Nora Augestad og Margun M. Tordal. 10 personar var til stades.

Kyrkjebygget og gravplassen

Soknerådet er uroa over tilstanden for kyrkjebygget. Det som særleg merkjer seg ut, er stoda for kyrkjetaket. Det er ikkje kjent for soknerådet at det har vore særleg vedlikehald på taket sidan kyrkja vart reist i 1876. Det seier seg sjølv at hellefesta difor er dårlegare. Fleire heller på hovudtaket har sige ut av stilling, og at det såleis er god grunn til å tru at det kan vera fare for framtidig nedfall av heller. Dette er grunnen til at gangvegen langs langsiden på kyrkja har vore sperra for ferdsel sidan i haust. Det er også registrert vasslekkasje inn på sutaket, men førebels utan særleg rote. Fellesrådet fekk i -22 utarbeidd ein rapport om kyrkjetaka i Kvam, og her er taket på Strandebarm kyrkje omtala til å ha dei største utfordringane både praktisk og økonomisk.

Vindauga i kyrkjetårnet treng straks vøle. Kittinga på glasa er i dårleg forfatning og det er lekkasje i og kring karmen. For å hindra øydelegging, håpar soknerådet at dette vert reparert med det fyrste.

Dugnad på kyrkjegarden 20. april. Dugnaden var initiert av Fellesrådet, men organisert av soknerådet. På kort varsel hadde me ein vårdugnad på kyrkjegarden i Strandebarm. Mange gjorde ein stor innsats eit par timar av både folk frå, og utanfor soknerådet. Det vart kosta, raka, klipt buskar og fjerna røter.

Kyrkjelydshuset

Har vore nytta til 13 (13) minnesamvær, 6 (2) dåpsfestar, 1 (1) konfirmasjonsfest, 2 (1) åremålsdagar og fleire samlingar/møte i ulike lag/organisasjonar.

Kyrkjelydshuset har eit eige styre, underlagt soknerådet. I 2023 har desse fungert i styret; Torill Gjerde, Lars Gjerde og Olav Tombre. Det er egne vedtekter for dette arbeidet.

Fellesrådet har ansvaret for drift og vedlikehald av huset. Soknet eig huset.

Temakveld

«Førstehjelp ved sorg» ved sokneprest Vetle Karlsen Eide den 1. desember. Vel 20 personar deltok på dette.

«Julekonsert» i Kyrkjelydshuset den 27. desember. Musikk av Carl Æneas, Vilhelm og Dina Malena Gravdal, Nora Augestad og Margun M Tordal. Vel 10 personar kom på dette arrangementet. I år kolliderte dette med 3. dagsfesten til Lions på Strandebarm omsorg. Dette bør ein unngå neste år.

Kyrkjebladet

Det kom ikkje ut nummer av Kyrkjeblad for Strandebarm i 2023. Soknerådet har vedteke å leggja ned utgivinga. Årsaka er både vanskar med økonomi ved utgjeving, og vanskar med å få fleire med i det redaksjonelle arbeidet. Strandebarm inngår no som ein del av Kyrkjeblad for Kvam.

Kyrkjeblad for Kvam har i 2023 vore fulldistribuert også i Strandebarm. I krinsane Gravdal, Mundheim og Oma har soknerådet delt ut bladet på dugnad.

Kyrkjeleg tilsette i 2023

Sokneprest i Strandebarm og Vikøy: Vetle Karlsen Eide.

Kyrkjeverje/dagleg leiar: Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland fram til vår 2023,

frå våren 2023 har Olav Skeie Lid vore fungerande kyrkjeverje.

Sakshandsamar på kyrjekontoret: Inger Karin Tordal

Organistar: Ulf Krupka og Sevinj Asgarova Øvrehus
Kyrkjetenar: Monica Sørstrømmen Skogvoll. Permisjon frå 1.
oktober
Klokkar: Friviljug dugnad heile 2023
Gravar på kyrkjegarden: Heine Ugletveit

Avslutning

Soknerådet sitt ynskje er at folk skal kjenna seg heime i kyrkja og oppleve at

- der er det rom for alle
- der får ein lytta til song /musikk som kan gje ein noko som er ulikt det ein vanlegvis høyrer
- der får ein høyra gamle tekstar om ulike menneske sitt forhold til kvarandre, om menneske sitt forhold til Gud og Guds forhold til menneske
- der får ein høyra på bønner som er nære, men også bønner som også får ein til å heva blikket

Strandebarm, 7. februar 2024

Kåre Milje

Margun Mikkelsen Tordal